Referansar:

Arkivsak: 26/00327-5

Saksdokumenter:
LWF_ERM_2026_Augsburg_Summary_Report
P. Einar Tjelle - Church of Norway - Congresso Nacional da Juventude Evangélica – 27º CONGRENAJE.docx (1)
Rapport LWF European Regions meeting i Augsburg
BHA Rapport fra møte i Cocop okt 2026
ELCJHL COCOP Report 2026

Det lutherske verdsforbund og systerkyrkjer

Samandrag

Saka orienterer om samarbeidet med Det lutherske verdsforbundet og systerkyrkjer, med vekt på kyrkjeleg fellesskap, fredsarbeid, humanitær innsats og ungdomsdeltaking. Ho omtalar samlingar i Augsburg og Lyon og utviklinga i partnarkyrkjer i Midtausten, det sørlege Afrika og Brasil. Rapportane frå Den palestinske kyrkja (og COCOP-møta) vitnar om ei svært kritisk tid.
Rådet vert tilrådd å sende to ungdomar til ungdomskongressen i Brasil i 2027.

Forslag til vedtak

1. MKR vil tilrå at to ungdomar deltek på freds-samlinga til IECLB til sommaren.
2. MKR sender eit gratulasjonsbrev til den nye presidenten og leiarskapet i IECLB i høve innsetjinga 4.12
3. Mellomkyrkjeleg råd tek elles saka til orientering

Saksorientering

Bakgrunn

Representantar for LVFs medlemskyrkjer i Europa var samla i Augsburg 6.–9. oktober 2026 under temaet «Set alt inn på å bevare Andens einskap, i den freden som bind saman» (Ef 4,3). MKRs leiar og generalsekretær representerte Dnk, saman med Nora A. Nickhelsen som nordisk ungdomskoordinator. Møtet drøfta korleis kyrkjene kan styrkje fellesskapet og vere tydelege aktørar for fred, forsoning og rettferd i ei tid prega av krig, uro og polarisering.

Samstundes starta førebuingane fram mot LVFs generalforsamling og 500-årsjubileet for Confessio Augustana i Augsburg i 2030, med særleg vekt på kva vedkjenninga tyder i dag og korleis ho kan formidlast til nye generasjonar. Sjå rapport frå Nora Nickelsen og denne saka på kirken.no: Frå Augsburg mot 2030: Einskapens band er fred – Den norske kyrkja

Neste år vert det ein europeisk kyrkjeleiarkonsultasjon i regi av LVF i Trondheim i byrjinga av oktober, med Den norske kyrkja som vertskap. Meir om dette seinare.

Gjennom **LVF World Service** driv Det lutherske verdsforbundet humanitært arbeid i nokre av dei mest krevjande krisene i verda. I Sør-Sudan har LVF i 2026 gitt matstøtte, husly, vatn og sanitærtenester til over 80 000 internt fordrivne og sårbare lokalsamfunn etter nye kampar og flaum. I Ukraina har LVF det siste året hjelpt meir enn 20 000 krigsråka menneske med mellom anna reparasjon av bustader og skular, vinterhjelp og psykososial oppfølging. I Uganda er det sett i gang nye tiltak som skal gi mat- og ernæringsstøtte til over 174 000 flyktningar, og vern og psykososial hjelp til om lag 65 000 sudanske flyktningar. LVF arbeider òg gjennom Augusta Victoria-sjukehuset i Aust-Jerusalem og lokale partnarar for å få medisinar, mat og anna naudhjelp fram til Gaza. Tidlegare MKR-medlem og genereralsekretær for KN Dagfinn Høybråthen sit no i styret for sjukehuset.

LVF har fått byggjeløyve til 40 rimelege bustader for kristne familiar i Jerusalem. Prosjektet er eit viktig bidrag til å oppretthalde og styrkje det kristne nærværet i byen. Generalsekretæren i MKR er med i denne Affordable Housing-komiteen.

Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet (ELCJHL) har krevjande dagar (sjå eiga sak om strategi). Berit Hagen Agøy deltok digitalt i det utsette COCOP-møtet i oktober. Det vert vist til rapporten hennar til MKR og rapporten frå ELCJHL. Denne er lang, men les særleg innleiinga til biskopen.
Biskop Imad Haddad vitjar Oslo og Fredrikstad (etter kyrkjemøtet i Svenska kyrkan) 19.–20.11. Det vert mellom anna møte med kyrkjelydskontaktar og økumeniske representantar gjennom Midtausten-forumet til NKR.

Den lutherske kyrkja i det sørlege Afrika (ELCSA) har partnarsamling og generalforsamling i månadsskiftet november/desember i Johannesburg. Wenche Fladen Nervold deltek frå MKR.

Den evangelisk-lutherske kyrkja i Brasil (IECLB) har invitert unge representantar frå Den norske kyrkja til den 27. nasjonale ungdomskongressen CONGRENAJE i Santa Cruz do Sul 18.–23. juli 2027. Kongressen samlar om lag 1 600 unge under temaet «Mot til å skape fred» og mottoet «Den fullkomne kjærleiken driv frykta ut» (1 Joh 4,18). Deltaking må stadfestast innan 1. desember 2026. Generalsekretæren vil tilrå at vi sender to ungdomar til dette.

Den nye presidenten i kyrkja, Rev. Dr. Mauro Souza, vert saman med visepresidentane sett inn i tenesta og beden for 4.12 i Porto Allegre. Mellomkyrkjeleg råd bør sende ei helsing.

Generalsekretæren vart invitert til og bidrog fagleg i nettverkssamlinga i Lyon 21.–25. oktober 2026, arrangert av **Église protestante unie de France** og Det Norske Misjonsselskap (NMS). Temaet var kyrkja som ope fellesskap, kyrkjebygg som lokale møteplassar og nye former for misjon.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Utgifter vert dekka av ordinære budsjett.